

## KOMMISJONSAVGJERD

2017/EØS/51/44

av 8. september 2011

**om endring av vedlegget til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om unntak for bruk av bly og kadmium, med sikte på tilpassing til den tekniske utviklinga***[meld under nummeret K(2011) 6309]*

(2011/534/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav b), og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter direktiv 2002/95/EF er det forbode med bruk av bly og kadmium i elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning etter 1. juli 2006.
- 2) Det er enno ikkje teknisk mogleg å byte ut bly i piezobaserte dielektriske keramiske materiale for kondensatorar som inngår i integrerte krinsar eller diskrete halvleiarar. Bruken av bly i desse materiala bør difor få unntak frå forbodet.
- 3) Det er heller ikkje teknisk mogleg enno å byte ut kadmium i fotomotstandar til analoge optokoplarar som vert nytta i lydutstyr til yrkesbruk. Bruken av kadmium i slike fotomotstandar bør difor få unntak frå forbodet. Ettersom det stadig vert forska i kadmiumfri teknologi, bør dette unntaket likevel vere tidsavgrensa, då alternative løysingar kan verte tilgjengelege innan tre år.

4) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.

5) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommisjonen rådspurt dei partane som det gjeld.

6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 18 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF<sup>(2)</sup> —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 8. september 2011.

*For Kommisjonen*

Janez POTOČNIK

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 234 av 10.9.2011, s. 44, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 68/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 29.

(<sup>1</sup>) TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

(<sup>2</sup>) TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

## VEDLEGG

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert det gjort følgjande endringar:

a) Nytt nr. 7(c)-IV skal lyde:

«7(c)-IV	Bly i piezobaserte dielektriske keramiske materiale for kondensatorar som inngår i integrerte krinsar eller diskrete halvleiarar.»	
----------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--

b) Nytt nr. 40 skal lyde:

«40	Kadmium i fotomotstandar til analoge optokoplarar som vert nytta i lydutstyr til yrkesbruk.	Går ut 31. desember 2013»
-----	---------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------